

Den Norske Stats Husbank
Årsoversyn 1979




Utbedringslån til byfornyelse - side 16

Føreord

Denne andre utgåva av Husbankens årsoversyn skil seg ikkje så mykje ut frå den første. Ymse tekstinnslag er likevel bytte ut mot andre som er særleg aktuelle. Vi har t.d. med stoff om den nye bustadfinansieringa i 1980, ein artikkel om byggjeskikk og ein artikkel om lån til byfornyng.

På einskilde punkt i tekst og tabellar har vi i år valt å sjå noko lenger attende enn førre gongen. Det er ikkje med det meininga å ta stode i debatten om når eitt ti-år går ut og eit nytt byrjar. Men med dei endringane som er meisla ut i husbankprofilen for 1980, synest det klart at 1979 på mange vis har vore eit vendepunkt for Husbanken.

Sjølv om omlegginga berre gjeld for eitt år, og sjølv om det breitt samansette buutgiftsutvalet skal seie sitt før styresmaktene formar ut ein budstadpolitikk for 80-åra, må vi vere budde på at vi kan hende ikkje får den «gamle» Husbanken att. Ved ein slik krossveg er det naturleg for oss å sjå noko lenger bakover i tida.



Situasjonen i Husbanken ved årsskiftet.


Innhald

	Side
Hovudtal	2
Hovudstyret og avdelingsstyra	3
Geografisk inndeling	4
Organisasjonsplan for Husbanken	5
Boligbyggingen 1980 – finansiering – igangsetting <i>av adm. dir. Bjarne Orten</i>	6
Husbanken og norsk bustadbygging i 1979	7
Nye bustader og andre føremål	8
Fordeling på kontor og fylke	8
Hustypar	9
Storleiken på bustadene	10
Aldersbustader	10
Byggjeskikk	11
Kostnader for og lån til nye bustader	13
Finansiering	14
Nominallån – utjamningslån	15
Byggjelån	15
Lån til andre føremål	16
Lån og tilskott til utbetring	16
Utbedringslån til byfornyelse <i>av førstekonsulent Steinar Pålhaugen</i>	16
Eigenkapitallån	20
Lån til miljøtiltak	21
På besøk hos Knøttene, Tusseladdene, Tertittene og Kanuttene	21
Ervervslån	23
Arealtilskott	23
Bustønad	23
Tilsyn	24
Særlege spørsmål	24
«Struktur- og styringsproblemer på kredittmarkedet»	24
Bustader for flyktingar	24
Nye målereglar for areal	25
Nye reglar for overføring av husbanklån	25
Bypolitikk	25
Administrasjon	26
Nokre tal frå rekneskapen med kommentarar	27
Inn- og utbetalingar	28
Rekneskap for 1978	29
Resultatrekneskap	29
Balanse	30
Tabellar	32
Tabell 1: Ein del hovudtal for perioden 1970-1979.	
Tabell 2: Talet på bustader med tilsegn om husbanklån 1970-1979 fordelt fylkesvis.	
Tabell 3: Tilsegner om lån til nye bustader 1970-1979 fordelt fylkesvis.	
Tabell 4: Omfanget av låneverksemda til Husbanken, tilsegner.	

Hovudtal

Hovudpostar	Mill. kr	Tal 1978
Lånetilsegner	5.084	
Nye bustader	4 323	26 493
Ervervslån – bustader	23	891
Eigenkapitallån – kommunar	225	422
Utbetringssaker – Husbanken	252	6 206
Utbetringsslån – kommunar	100	284
Barnehageplassar	85	3 434
Garasjeplassar	32	4 022
Andre miljøtiltak – saker	18	32
Mjøsaksjonen – kommunar	26	19
Nye bustader		Kr pr. bustad
Anleggskostnader ved tilsegn	258 500	
Byggjekostnader	226 400	
Tomtekostnader	32 100	
Finansiering ved tilsegn	258 500	
Husbanklån	155 300	
Arealtilskott	20 900	
Eigenkapital	82 300	
Låneauke ved løyving	7 900	
		Mill.kr
Utbetalte lån	4 545	
Mottekne avdrag	606	
Utbetalt bustønad	288	
Utbetalt arealtilskott	813	
Utbetalt utbetringstilskott	34	
		Mill. kr Prosent
Gjennomsnittleg innlånsrente		7,49
Renteutgifter	2 281	
Gjennomsnittleg utlånsrente		6,24
Renteinntekter	1 782	
Pr. 31. desember		
Samla innlån	32 869	
Uteståande lån:		
Ordinære renteberande lån	31 667	
Renteberande tillegsslån	76	
Rentefrie lån	809	
Lovnad om konvertering	7880	

Hovudstyret og avdelingsstyra



Husbankens avdelingsstyre i Trondheim, frå venstre Georg Arnø, Thorvald Ø. Michelsen og Jarle Rekstad.

Hovudstyret


Oslo Sekretær Gerd Wickstrøm Lerkupsgt. 7 3900 Porsgrunn Formann	Fylkesrådmann Kurt Mosbakk Amtm. Prebensensv. 15 9800 Vadsø	Adm. direktør Bjarne Orten
Bonde John Austrheim 6860 Sandane	Direktør Berit Klemetsen Solvn. 87 Oslo 11	

Avdelingsstyra

Bergen Husmor Wenche Skaaluren 5470 Rosendal Formann	Faglærer Mimi Skadberg Østre Ring nr. 67 a 4000 Stavanger	Avd. dir. Magne Tuseth, permisjon Kst. avd. direktør Gunnar Wisth *)
Bodø Fylkesforsyningsjef Paul J. Strand Rødbrekka 13 8000 Bodø Formann	Kontordame Brit Storvand Feljestadveien 9400 Harstad	Avd. direktør Rolv Tveraabak
Trondheim Øk.kons. Thorvald Ø. Michelsen Hørløcks vei 33 c 7058 Jakobsli Formann	Ordfører Jarle Rekstad 7360 Skaun	Avd. direktør Georg Arnø
Hammerfest Disponent Arnfinn Wæraas Meridiangt. 9 9600 Hammerfest Formann	Husmor Britt Schultz **) 9730 Karasjok	Avd. dir. Gunnar Wisth, permisjon Kst. avd. direktør Ralph Norberg *)

*) Tilsett frå 1. februar 1980

**) Avløyst av programsekretær Oddny Aleksandersen Nyborgvn. 19, 9800 Vadsø. 19. oktober 1979.



Avdelingskontoret i
Hammerfest


Avdelingskontoret i
Bodø

Avdelingskontoret i
Trondheim

Husbankens hovedkontor
og hovedstyret i Oslo

Avdelingskontoret i
Bergen

Organisasjonsplan



Boligbyggingen 1980 – finansiering – igangsetting

Av administrerende direktør Bjarne Orten

I det program som er satt opp for Husbankens utlånsvirksomhet i 1980, er det bl.a. forutsatt at banken i løpet av året skal kunne gi tilsagn om lån til 18.250 nye boliger. Utlånsrammen er fordelt med 45% tilsvarende 8.250 boliger på første halvår og 55% tilsvarende 10.000 boliger på annet halvår.

I 1979 ga banken lånetilsagn til 24.473 boliger. Finansieringsprogrammet for 1980 viser således en nedgang på ca. 6.000 boliger sett i forhold til det foregående år. For om mulig å kompensere denne nedgang er det truffet avtale mellom på den ene side Finansdepartementet og på den annen side Sparebankforeningen i Norge og Den norske Bankforening om finansiering av inntil 6.000 boliger på spesielle vilkår i de private banker. Avtalen forutsetter at denne finansieringsordningen skal begrenses til boligprosjekter som oppfyller Husbankens vanlige krav til areal og kostnader. Lån under denne ordning

skal tilvises av Husbanken. Det samme gjelder lån på tilsvarende vilkår som skal gis av Postsparebanken til inntil 200 boliger.

I tillegg til de forannevnte finansieringsopplegg er Landbruksbanken for 1980 tildelt en ramme for lån til nye boliger på gårdsbruk tilsvarende 1.750 boliger. Det er videre antatt at boligfinansieringen på vanlige markedsvilkår fra private banker og andre kredittinstitusjoner, som i den senere tid er anslått å ligge på 5.-6.000 boliger pr. år, bør kunne økes betraktelig.

I 1980 er det forutsatt igangsatt bygging av 36.000 nye boliger, og et aktuelt spørsmål er om de foreliggende finansieringstilbud vil gjøre det mulig å nå dette mål.

Husbanken hadde ved utgangen av 1979 liggende ubehandlede lån-søknader omfattende 15.000 boliger. Undersøkelser foretatt av banken har vist at uvanlig mange – anslagsvis bortimot halvparten – av de søkere som har gått og ventet på en

avgjørelse av sine søknader, satte i gang arbeid med sine prosjekter allerede i løpet av sommeren eller høsten 1979. Husbankens utlånsramme for 1. halvår 1980 vil derfor i stor utstrekning gå til prosjekter som er under arbeid, og således bare utløse begrenset igangsetting. For om mulig å bøte noe på dette er byggherrer som søkte husbanklån i de siste måneder av 1979, forespurt om de er interessert i å bli tilvist lån på spesielle vilkår i privat bank. For dem som sier seg interessert i dette, har Husbanken tilbudt rask søknadsbehandling med muligheter for en fremskyvning av igangsettingen av byggearbeidet. Skulle interessen for dette tilbud være så stor at den alt vesentligste del av rammen for lån på spesielle vilkår i private banker blir utnyttet i første halvår, vil dette åpenbart ha en positiv virkning på igangsettingen av nye boliger.

På den annen side kan det ikke sees bort fra at det forhold at det tilstrammede finansieringsopplegg

Interiør av all-rom, kjøkken og stove, Høgreina borettslag, Trondheim kommune. Arkitekt: Arkiplan A/S. Dette borettslaget ligg mellom Trondheim bysentrum og Heimdal i den sør-vestlege delen av kommunen. Her er planlagt 185 leiligheiter, dei fleste i rekkjehus. Alle er fire-roms familiebusader på 90-100 kvm leigeareal. Byggearbeida vart sette i gang hausten 1978, og dei er venta fullførte i 1980.



Husbanken og norsk bustadbygging i 1979

for 1980 kom med så kort varsel at en del bygherrer og boligprodusenter med planlagte prosjekter siktet inn mot husbankfinansiering vil trenge betenkningstid. Dette vil kunne medføre en viss tregheit i igangsettingen av arbeidet med nye boliger.


I samme retning peker den usikkerhet som gjør seg gjeldende med hensyn til mulighetene til å øke andelen av privatfinansierte boliger på vanlige markedsvilkår. Avgjørende her vil ikke bare være hvilke tilbud de private kredittinstitusjoner kan gi, men også hva de boligsøkende kan og vil påta seg av boutgifter.

Fra regjeringens side er det gjort kjent at det er stilt i beredskap et tillegg til de statlige boligbankers utlånsrammer på 150 mill. kroner – fordelt med 143 mill. på Husbanken og 7 mill. på Landbruksbanken – med sikte på å øke tempoet på igangsettingen av arbeidet med nye boliger hvis dette skulle vise seg å bli liggende etter det oppsatte program.

Stortingets kommunalkomité har da også bedt om at det må bli overveiet å utvide Husbankens utlånsramme for 1980 dersom det skulle oppstå problemer med å gjennomføre det oppsatte igangsettingsprogram på 36.000 boliger som en følge av det tilstrammede finansieringsopplegg eller av andre grunner. Etter komitéens mening bør 36.000 nye boliger være minstegrensen for igangsetting i 1980.

Slik situasjonen fortoner seg i begynnelsen av året, anser Husbanken det for sannsynlig at ekstraordinære tiltak vil bli nødvendig dersom måltallet for igangsetting av nye boliger i 1980 skal nås.

Bjarne Orten



Figur 1. Bustader sette i gang ved utgangen av året og bustader med lånetilsegn frå Husbanken og Landbruksbanken 1950-1979.

I figur 1 kan ein sjå eit bilete av bustadbygginga i Noreg frå 1950 til og med 1979. I tabell 1 bak kan ein finne dei tilsvarande tala frå perioden 1970-1979.

Det vart sett i gang arbeid med om lag 2000 fleire bustader i 1979 enn i 1978. Mange av dei bustadbygga som no er registrerte under arbeid, står likevel for grunnmurar og uviss finansiering.


Mens Husbanken fekk inn søknader for 31.900 nye bustader, kunne vi berre gje tilsegn om lån til 24.500 bustader. Husbankkøen auka mykje gjennom året og femna om 15.000 bustader ved årsskiftet.

Den høvesvise delen av bustader med husbankfinansiering har gått ned dei siste to åra, men har likevel vore høg i 1979 òg. I figur 2 ser ein Husbanken sin plass i bustadreisinga i gjennomsnitt for åra 1977-1979.

«Andre» er her bustader som er finansierte gjennom ulike private kredittinstitusjonar eller Statens Landbruksbank.

For 1980 er som sagt husbankrammene for lån til nye bustader kraftig nedskorne. Dei 18.250 bustadene som kan få husbanktilsegner, utgjer 50,7 pst. av det planlagde bustadprogrammet for året.

Figur 2.




Nye bustader og andre føremål

Også i 1979 har brorparten av husbankmidlane gått med til nye bustader. Lån til andre føremål auka likevel relativt sett frå 15 pst. til 15,6 pst. av totalramma. I figur 3 er ramma for 1979 splitta opp på ulike føremål:

Tilsegner og disponible rammer var desse i 1979:

	Beløp i mill. kroner	
	Tilsegner	Rammer
a) Oppføring av nye bustader	4 315,7	4 315
b) Kjøp av bustader – ervervslån	60,0	60
c) Utbetring av eldre bustader	304,9	305
d) Barnehagar, garasjar og andre miljøtiltak	159,9	160
e) Eigenkapitallån	274,9	275
Sum	5 115,4	5 115


I tabellane bak finn ein tal frå heile perioden 1970-1979.



Figur 3.

Fordeling på kontor og fylke

Hovudstyret deler utlånsrammene geografisk på avdelingskontora etter mengda av søknader og etter behov. I 1979 var fordelinga som synt i figur 4:



Figur 4.

Tabellen nedanfor syner fordelinga av tilsegnsbølg og bustader i 1979. Her er òg teke med bustader pr. 1.000 innbyggjarar i fylka:

I tabell 2 og 3 bak finn ein tilsvarende tal frå heile perioden 1970-1979.

Fylke	1978		
	Beløp i mill. kr.	Tal på bustader	Bustader pr. 1000 innb.
Østfold	181,9	1.071	4,6
Akerhus	344,8	1.912	5,3
Oslo	320,9	1.649	3,6
Hedmark	216,0	1.428	7,7
Oppland	178,8	1.127	6,3
Buskerud	199,6	1.206	5,7
Vestfold	178,0	1.120	6,1
Telemark	153,6	996	6,2
Aust-Agder	106,4	717	8,1
Vest-Agder	168,8	1.041	7,8
Rogaland	339,5	2.060	7,0
Hordaland	413,5	2.490	6,4
Sogn og Fjordane	173,5	1.214	11,7
Møre og Romsdal	245,1	1.540	6,6
Sør-Trøndelag	304,8	1.817	7,5
Nord-Trøndelag	162,5	1.039	8,4
Nordland	297,3	1.833	7,6
Troms	236,6	1.569	10,8
Finnmark	96,2	637	8,1
Svalbard	5,2	27	-
Sum heile landet	4.323,0	26.493	6,5

Tabell I

Lån til nye bustader og tal på bustader i absolutte tal og pr.1000 innbyggjarar fordelte på fylka. Tilsegner 1979 og 1978.

Fig. 5.

Hustypar

Figur 5 syner korleis dei husbank-finansierte bustadene i 1979 fell på ulike hustypar:


Einebustadene er stadig på fram-marsj, og auka frå 46 pst. i 1978 til 48 pst. i 1979. For første gong i 70-åra går blokk-bustader opp – frå knapt 14 pst. i 1978 til knapt 15 pst. i 1979.



Storleiken på bustadene

Den gjennomsnittlege storleiken på bustader med lånetilsegn i 1979 var 83,3 kvm. Det er 0,8 kvm meir enn i 1978.

Talet på bustader med to rom og kjøkken og mindre gjekk ned frå 24 pst. i 1978 til 23 pst. i 1979. Prosentdelen av bustader på eitt rom gjekk ned frå 6,7 pst. i 1978 til 5,2 pst. i 1979. Talet på eitt-roms bustader i alt var 1.295; av desse var 1.145 hyblar utan eige kjøkken og 150 var bustader med eitt rom pluss småkjøkken eller fullt kjøkken. Om lag 85 pst. av eitt-roms bustadene er spesialbustader, og resten er i hovudsaka einskildhyblar i småhus.



Interiør i felles-stove i trygdebustad, Stabells veg 2, Øvre Byåsen, Trondheim.

Arkitekt: Nils Henrik Eggen.

Boligstiftelsen for Trygdeboliger, Trondheim kommune har her reist fire bygningar med 64 leiligheiter og ein del fellesrom. Storleiken på leiligheitene er frå 37,5 til knapt 60 kvm. Arbeidet byrja våren 1978, og i oktober 1979 flytte dei siste leigebruarane inn.

Aldersbustader

Ein del av dei bustadene som Husbanken har finansiert opp gjennom åra, er spesialbustader av ulike slag, mynta på særskilde grupper i folket. Aldersbustadene t.d. er gjerne noko mindre enn vanlege familiebustader for større huslydar, men Husbanken godtek no ikkje aldersbustader på mindre enn to rom og kjøkken.

Sidan starten har Husbanken finansiert omlag 18.800 bustader for eldre av ulike slag. Somme av dei ligg i eigne bygg – ofte kalla alders- eller trygdebustader, og somme ligg saman med vanlege familiebustader. *Aldersheimar* er mynta på eldre som i hovudsaka greier seg sjølv, men som kan trenge noko tilsyn og pleie. I aldersheimane er det gjerne felles hushald.

Både i aldersbustadbygg og i aldersheimar kan Husbanken gje lån til fellesrom som stover og spiserom med kjøkken. I rundskriv HB-3221, 11.1978 har Husbanken gjeve orientering til kommunar, byggherrar og planleggjarar om bustader og service-lokale for eldre.



Aldersbustader på Mysen, Eidsberg kommune i Østfold.

Arkitekt: Terje Høgenhaug.

I dette området har kommunen ført opp 21 slike bustader på 45 og 52 kvm leigeareal. Arbeidet byrja i 1978 og vart fullført i 1979.

Byggjeskikk

Om ein fer gjennom landet vårt og gjev seg til å sjå på det som her finst av bygningar, er det vel mangfeldet som slår ein sterkest. Likevel finst linjer, tradisjon i byggjekunsten.

Går vi attende i tida, kan vi augne ein samanheng frå vikingtida og heilt fram til midten av det førre hundreåret. Med dei store samfunnsendringane på 1800-talet og den vide opninga ut mot verda kom nye impulsar og oppløysing av tradisjonane – også på dette området.

Etter om lag hundre år med blandingsarkitektur kan vi etter siste krig sjå at ein ny tradisjon er i ferd med å feste rot – i alle høve når det gjeld småhus. Vi har fått «det norske ferdighuset». Alle er ikkje like glade for produktet. «Forflating, konformitet, detaljfattigdom» er nokre av dei etikettane som vert sette på den nye byggjeskikken.

Har kritikarane rett? Bør ein gjere noko for å få fram betre byggjeskikk? Har vi fått «det norske ferdighuset» fordi folk ønskjer å bygge slik, eller er folk tvinga til å velje blant hus som byggeindustrien har utvikla på økonomiske premisser? Desse er nokre av dei spørsmåla som er blitt stilte.

Da Husbanken vart skipa i 1946, skjedde det i eit Noreg prega av stor bustadmangel. Vi vanta bustader alt frå før krigen, og krigsherjingane gjorde ikkje stoda lettare. Attreising og nybygging – i stor mengd og til dels med dårlege materialar – var dei fremste oppgåvene til den nye banken i dei første åra. Ein måtte skaffe folk tak over hovudet og fri dei ut or den verste bustadarmoda før ein kunne tenkje på meir estetiske kvalitetar. Også seinare har nok den offentlege innsatsen i bustadreisninga mest vore retta mot å løyse bustadproblemet kvantitativt og å sikre primære tekniske og funksjonelle krav. Vi har da òg i dag ein bustadstandard som er høgre enn nokon gong. At vi stadig oftare høyrer kritiske røyster mot byggjeskikken, er òg eit vitnemål om det.

I den grad kritikken er rettkomen, er sjølvsagt styremaktene og med

dei Husbanken berre delvis rett adressat. Det er mange trådar innvovne i ein byggjeprosess og ein byggjetradisjon. Likevel har Husbanken no teke initiativet til eit arbeid som har god byggjeskikk som siktemål.

Arbeidet starta opp i 1979 med ein større konferanse om byggjeskikk og regionale variasjonar i arkitektur og byggjemåte.

Heilt generelt kan ein seie at byggjeskikken speglar av samfunnet han utviklar seg i. Meir interessant er det likevel å sjå på dei ulike faktorane i samfunnet som påverkar byggjeskikken. Dei viktigaste er:

- naturgjevne faktorar som landskap, klima og materialtilfang på staden
- tekniske og industrielle vilkår
- kulturmønster, levevis og sosiale sedvanar
- økonomi

Samspelet mellom desse er det som direkte gjev vokstervilkåra for byggjetradisjonane. Ser vi på tilhøva i dag, er det lett å sjå at styremaktene har fleire fingrar med i dette samspelet. Det offentlege har sjølvsagt mest å seie når det gjeld økonomi, men har òg innverknad på produksjonsvilkåra elles.

Trass i «det norske ferdighuset» finn vi likevel fleire kryssande tendensar i bustadbygginga i dag. Vi kan t.d. på den eine sida sjå spor av reiseverksemd gjennom rundbogar og anna framandt tilfang frå sørlegare himmelstrok. På den andre sida finn vi ein atterlengt eller ei nostalgisk haldning mot byggjeskikk frå tidlegare tider i vårt eige land. Dette gjeld såvel utforminga av det einskilde huset som grupperinga av hus på eit byggjefelt.

Kva er rett, kva er gale? Kva for tendensar bør ein freiste å stogge og kva bør hjelpast fram? Teknikken set nær sagt ingen grenser for kva ein kan bygge i dag, men kva bør ein bygge? Mykje av det som ein i dag beundrar frå eldre tider, er skapt av tilfellet og den teknikken ein rådde over den gongen. La oss sjå på eit par døme:

Småruta glas i vindauga er allment omtykt, og når ein ved utbetring byter til større flater, ligg «vandalisme» lett på tunga. Dei små rutene kom likevel i ei tid då glasindustrien ikkje kjende til teknikkar som gjorde det mogleg å lage store ruter.

Hellinga på taket er eit anna karakteristisk drag ved eit hus. Her finn vi regionale variasjonar som heng direkte saman med dei materiala som ein gong vart nytta til tekking. Når dei typiske sørlandshusa har brattare tak enn husa i skogbygdene på Austlandet, ligg forklåringa i tradisjonen med tegltak på Sørlandet og torvtak på austlandshusa. Om teknikken har gått vidare og gjort andre løysingar både moglege og naturlege, har dei gamle tradisjonane hange att hos handverkarane.

Dei nye «tradisjonane» innan byggjeskikken er meir knytte til ein industri enn til handverk. Nye teknikkar og stadig meir prefabrierte bygningselement er grunnlaget for den industrialiseringa vi har fått i byggebransjen etter siste krig. Samstundes som snøgg masseproduksjon gjorde det mogleg å nå høge bustadmål, kom industrialiseringa til å innebere ei lausriving frå gamle handverkstradisjonar og -normer.

Også dei regionale variasjonane har meir og meir vorte borte under stadig større produksjonseiningar som produserer med heile landet som marknad. Sterk konkurranse med små fortanestemarginar har vel heller ikkje gjort det lettare å halde på element for tradisjonen si skuld.

Kva er så gale med dei «nye» tradisjonane som knyter seg til all den teknikk vi rår over i dag? Dei nye normene er i hovudsak tufta på eit teknisk-økonomisk grunnlag. Berre i liten grad har synsmåtar frå allmenta eller estetisk-faglege autoritetar spela inn. Og det er i første rekkje frå dei siste at kritikken no kjem.

Om ein ønskjer endringar i norsk byggjeskikk i dag, må ein rekne med



*Einskildhus på Sørlandet. Justøya ved Lillesand. Nytt hus i gammalt, etablert miljø.
Arkitekt: Tor Arne Revheim.*

*Hillarhaugen, Stord.
Hus i husbankfinansiert bustadfelt. Ein freistnad på tilpassing til terreng og byggjeskikk på staden.
Arkitektur: Holmedal og Wåge.*



typehusindustrien. Dersom tilhøva vert lagde til rette og huskjøparane vert overtyste om ei anna kvalitetsvurdering, er det liten tvil om at endringar vil kome.

Det er elles mange krefter som har innverknad på utforminga av småhus og bustadområde:

- individuelle byggherrar som byggjer egne hus
- utbyggjarar (bustadkooperasjonen, private utbyggjarar)
- planleggjarar og arkitekter
- produksjonsapparatet - ferdighusprodusentar, entreprenørar, byggmeisterar, handverkarar
- kommunale og fylkeskommunale politiske organ, tekniske etatar,

planleggjarar

- sentrale styresmakter - lover og vedtekter
- Husbanken

Det er til dels motstridande interesser mellom dei ulike interessentane ovanfor, og også mellom fagfolka innbyrdes når ulike syn. Såleis skal det ikkje verte lett å påverke byggjeskikken.

I alle høve er arbeidet starta, og nokre tankar er det stor semje om:

- vi må ta vare på det vi har av døme på tradisjonell byggjeskikk, både einskildhus, gardsanlegg og bygningsmiljø
- vi må ta omsyn til det beståande ved utbetring og nybygging

- respekt for og inspirasjon frå tradisjonen er ikkje det same som kopiering

- vi må gjere meir for å finne fram til kjenneteikn på norsk byggjeskikk, både på nasjonal og regional grunn.

Dei verkemidla som til nå har peikt seg ut, er regionale arkitektkonkurransar og ei fagleg rettleiings-teneste for byggherrar og kommunar.

Det viktigaste er at ein prosess har starta, enda om det truleg vil gå ei tid før ein får sjå konkrete resultat på egne murar.

Kostnader for og lån til nye bustader

Kostnadene ved nye bustader deler vi inn i tomtekostnader og byggjekostnader. Dei samla kostnadene er anleggskostnader. Utviklinga frå 1978 til 1979 går fram av tabellen som gjeld alle nye bustader med husbanktilsegn i gjennomsnitt:

	1979 Kroner	1978 Kroner	Auke Kroner	Pst.
Tomtekostnader	36 100	32 100	4 000	12,5
Byggjekostnader	240 700	226 400	14 300	6,3
Anleggskostnader	2765 800	258 500	18 300	7,1

Auken i byggjekostnadene t.d. er berre helvta av auken frå 1977 til 1978. Dette heng sjølvstekt saman med prisstoppen. Likevel er auken noko høgare enn byggjekostnadsindeks gjev grunnlag for. Større areal

og ei viss standardbetring er noko av forklaringa på denne skilnaden.

Gjennomsnittstala i tabellen ovanfor vert mest påverka av endringar i fordelinga av hustypar og bustadtypar. Utviklinga dei seinare

åra har klart gått i retning av dyrare bustader både når det gjeld tomt og bygning. I tabellen nedanfor finn ein gjennomsnittstal for dei viktigaste hustypane då tilsegnene vart gjevne:

Anleggskostnader pr. bustad¹⁾

	Småhus oppførte enkeltvis		Småhus oppførte i serie		Bustadblokker		Alle leiligheter	
	1.000 kr	Pst.	1.000 kr	Pst.	1.000 kr	Pst.	1.000 kr	Pst.
Byggjekostnader	249,3	87,3	260,2	83,5	241,8	87,8	249,7	86,7
Tomtekostnader	36,2	12,7	51,3	16,5	33,7	12,2	38,3	13,3
Anleggskostnader	285,5	100,0	311,5	100,0	275,5	100,0	288,0	100,0

¹⁾ småbustader er ikkje med.

Finansiering

Lån til nye bustader blir målt ut i høve til eit lånegrunnlag som varierer etter kommune, hustype og storleik på bustaden.

Ved utmålinga av låna må Husbanken syte for at ein når fram til den lånestorleiken pr. bustad som er fastlagd gjennom Nasjonalbudsjettet.

Lånegrunnlaget vart siste gongen auka i desember 1978 og var uendra gjennom heile 1979.

Til alle nye bustader vert det gjeve arealtilskott. I husbanksamheng kallar vi kapitalen som trengst ut over husbanklån og arealtilskott, for

eigenkapital utan omsyn til korleis han vert ordna. For dei nye bustadene som Husbanken gav tilsegn om lån til i 1979, vart det i gjennomsnitt rekna med at anleggskostnadene skulle verte 276.800 kroner

og eigenkapitaldelen 31,1 pst. av dette.

Tabellen nedanfor syner finansieringa i gjennomsnitt for alle husbankfinansierte bustader på tilsegnstadiet i 1979 samanlikna med 1978.

	1978		Endring	
	Kroner	Pst.	Kroner	Pst.
Husbanklån	155 300	60,1	15 600	10,0
Arealtilskott	20 900	8,1	-1 200	-5,7
Eigenkapital	82 300	31,8	3 900	4,7
Anleggskostnader	258,500	100,0	18 300	7,1
Gjennomsnittleg storleik	82,5 kvm		0,8 kvm	

I røynda vert gjerne anleggskostnadene noko høgre enn det ein reknar med når tilsegna vert gjeven, og i mange tilfelle vert husbanklånet

noko høgre enn det tilsegna lyder på. I 1979 var denne låneauken på kr. 5.400 mot kr. 7.900 i 1978. Nedanfor står ei oppstilling over

gjennomsnittlege finansieringstal splitta opp på ulike hustypar. Bygg med flest småbustader er ikkje med her:

Finansieringstal ved tilsegn pr. leiligheit

	Småhus oppførte enkeltvis		Småhus oppførte i serie		Bustadblokker		Alle leiligheiter	
	Kroner	Pst.	Kroner	Pst.	Kroner	Pst.	Kroner	Pst.
Husbanklån	172 100	60,3	194 600	62,5	177 000	64,2	174 400	60,6
Arealtilskott	21 000	7,3	20 900	6,7	18 600	6,8	20 800	7,2
Eigenkapital	92 400	32,4	96 000	30,8	79 900	29,0	92 800	32,2
Anleggskostnader	285 500	100,0	311 500	100,0	275 500	100,0	288 000	100,0

Behovet for eigenkapital varierer mykje, m.a. for dei ulike hustypene. Tabellen nedanfor syner eigenkapital i prosent av anleggskostnadene for ulike hustypar i dei siste sju åra. I tabellen er småbustader ikkje med. For 1979 er kronebeløpa og tekne med.

Samla har eigenkapitaldelen i 1979 for første gong på desse åra gått noko ned, men samstundes syner tala for blokker den største prosentvise auken vi har hatt i eigenkapital noko år. Når husvære i blokk likevel ikkje utgjør meir enn 15 pst. av den husbankfinansierte bustadmassen i 1979, slår ikkje denne auken så sterkt ut i total-

biletet. Sjølv om eigenkapitalbehovet i kroner og i 1979 var minst for bustader i blokk, vil låneutmå-

linga for blokkhusvære bli betra i høve til dei andre hustypene i 1980.

Eigenkapital i prosent av anleggskostnader

År	Enkeltvis oppførte småhus	Småhus i serie	Blokker	Alle
1973	29,1	24,7	16,8	24,4
1974	29,8	24,4	18,3	26,1
1975	31,1	25,9	18,0	27,8
1976	33,0	28,2	21,9	30,2
1977	34,0	28,1	22,6	31,6
1978	34,0	31,4	24,6	32,6
1979	32,4	30,8	29,0	32,2
1979	kr 92 400	kr 96 000	kr 79 900	kr 92 800

Nominallån – utjammingslån

I årsoversynet for 1978 har vi greidd ut om den prinsipielle skilnaden mellom nominallån og utjammingslån som vi har hatt frå 1973.

Rentesatsen på bådå låntypar var i 1979 6,5 pst., i Nord-Troms og Finnmark 6 pst.

Avdragssatsen på nye nominallån var i 1979 fastsett til 1 pst. pr. år dei første fem åra.

Den årlege innbetalinga til Husbanken på utjammingslån, betalingsprosenten, var i 1979 4 pst., i Nord-Troms og Finnmark 3,5 pst.

Desse rente- og avdragssatsane gjeld for tilsegner som vert gjevne i 1980 òg, men vilkåra er no berre

bundne for året 1980. Det vil seie at Stortinget kan gjere vedtak om å endre dei med verknad frå 1981. I samband med opplegget for ein ny bustadpolitikk kan også sjølvje låneordningane i Husbanken hamne i støypeskeia.

Utjammingslåna var like populære i 1979 som året før. Om lag 88 pst. av utlånsmassen var utjammingslån.

Byggjelån

Husbanken betaler først ut lån når huset er ført opp eller eit utbetningsarbeid er fullført. Alle som får ei tilsegn om lån frå Husbanken, må skaffe seg anna finansiering i byggjetida. Finansieringa av nye bustader byggjer derfor på eit samvirke mellom lokale, private bankar og Husbanken.

Det er sær seldan at ein byggherre får problem med å få byggjelån når han eller ho har fått tilsegn frå Husbanken.

Likviditetsproblem kan løysast med deloppgjær frå Husbanken i større lånsaker. Likevel er det ordninga med konverteringsforskott til byggjelånsbankane som gjev den største hjelpa. I 1979 vart denne ordninga nytta mykje meir enn året før. Mens 1978 synte nedgang i dei uteståande forskotta, auka forskotta i 1979 frå 809 mill. kroner ved byrjinga av året til 1.314 mill. kroner ved utgangen av året. Talet på bankar med konverteringsforskott auka frå 266 til 370.

Tabellen syner utviklinga i konverteringsforskotta i 1979

	Tal på bankar med konverteringsforskott		Konverteringsforskott				Lånetilsegn 1979
	1. jan.	31. des.	1. jan. mill.kr	pst.	31. des. mill.kr	pst.	Beløp i pst.
I alt	266	370	809	100	1 314	100	100
Fylka Finnmark t.o.m., S.-Trøndelag	113	127	410	51	466	35,5	23
Fylka sør for S.-Trøndelag	153	243	399	49	848	64,5	77

Det går fram av tabellen at det meste av auken har skjedd sør for Dovre. Nord for Dovre auka likevel forskotta med 14 pst. samstundes som lånetilsegnene gjekk ned med 11 pst. Såleis er framleis finansie-

ringsgraden gjennom slike forskott mykje større – om lag dobbelt så høg – i nord som i sør. Oslo-bankar og Bergensbankar kjem som hovudregel ikkje inn under ordninga med konverteringsforskott.

Lån til andre føremål

Lån og tilskott til utbetring

I årsoversynet for 1978 gav vi ei generell orientering om ordninga med utbetningslån gjennom Husbanken frå starten i 1969. I år har vi valt å konsentrere oss om eitt av utbetningsføremåla – lån til byfornyng.

Men først vil vi gje ein del samla tal frå heile utbetningsområdet.

Etter at ordninga med energisparingslån fall bort i 1978, har talet på søknader om lån til utbetring gått ned og med det også ventetida for søkjarane. Ved utgangen av 1979 låg om lag 1.000 søknader i banken. Ventetida, som var meir enn eitt år da året byrja, gjekk i løpet av året ned til under seks månader.

Husbanken fekk inn 1.874 søknader om lån til utbetningsføremål i 1979 mot om lag 3.500 året før. Det er gjeve tilsegner om lån i vel 3.200 saker for i alt 245,7 mill. kroner. I tillegg til desse låna

kjem 59,2 mill. kroner som er gjevne til kommunane for vidare utlån til utbetring på sosialt grunnlag. Totalt kjem derfor summen av tilsegner om lån til utbetningsføremål opp i 304,9 mill. kroner. Dette er 46,5 mill. kroner mindre enn i 1978.

Renta på utbetningslån frå Husbanken var i 1979 uendra 5,5 pst. både for nominallån og utjamningslån. Avdragsattsen for nominallån var fastsett til 5 pst. pr. år dei første fem åra, og betalingsprosenten for utjamningslån låg 1 prosentening over lån til oppføring. For tilsegner som vert gjevne i 1980, er lånevilkåra som for lån til oppføring berre bundne ut dette året.

Frå 1977 av har Husbanken fordelt utbetringstilskott til eldre bustader på kommunane. I 1979 fekk 452 kommunar tilskott for til saman 38 mill. kroner. Det var då berre 2 kommunar som ikkje var med dette året.

Maksimalt tilskott til kvar søkjar var 8.000 kroner – i samedistrikt 15.000 kroner.

Husbanken utbetalte òg 2 mill. kroner i tilskott til dei kommunane som er med i Mjøsaksjonen. Desse tilskotta er avgrensa til 5.000 kroner pr. søkjar.

Tilskott til utbetringstiltak mot trafikkstøy

Frå 1979 har Husbanken stått for fordeling av tilskottsmidlar til tiltak mot trafikkstøy. Midlane skal gå til betring av bustadfasadar langs riksveg i ein del kommunar der tilhøva er særleg ille. I 1979 fekk åtte kommunar til saman 10,7 mill. kroner. Pengane som er løyvde over budsjettet til Samferdselsdepartementet, skal delast vidare ut av kommunane etter retningslinjer som er fastsette av Miljøverndepartementet i samråd med samferdselsstyremaktene.

Utbedringslån til byfornyelse

Av førstekonsulent Steinar Pålhaugen

Innledning



Helt siden 1969 har Husbanken hatt låneordningar for utbedring av eldre boliger, deriblant en egen låneordning for utbedring av boliger som ledd i planmessig byfornyelse. Denne låneordningen fikk imidlertid aldri noen særlig praktisk betydning. Dette skyldtes for en stor del at lovverket den gang var lite tilrettelagt for byfornyelse i form av utbedring. Holdningen til byfornyelse på det tidspunkt var at den først og fremst skulle skje ved riving og nybygging.

Behovet for byfornyelse i form av utbedring ble imidlertid etter hvert mer og mer påtrengende, ikke minst som følge av at tilgangen på tomter til nybygging stadig ble vanskeligere i de største byene. Ønsket om å bevare av miljømessige grunner fikk også stadig større tilslutning. I stortingsmelding nr. 92 (1974-75) ble det derfor foreslått endringer både i lovverk og finansieringsordninger slik at man kunne få etablert et mer hensiktsmessig verktøy i byfornyelsesarbeidet.

Hvordan få lån?

De nye utbedringslåneordninger som ble vedtatt i 1976, og som spesielt var rettet mot byfornyelsesarbeidet, er:

- a) Lån til utbedring av boliger som omfattes av et kommunalt fornyelsesvedtak eller et kommunalt utbedringsprogram etter lov av 25. april 1967 nr. 1 om fornyelse av tettbygde strøk kap. III og kap. V.
- b) Lån til utbedring av utleieboliger oppført før 8. april 1940 i



Utbedringsområde på Grünerløkka i Oslo. Prosjektering ved arkitektane Ragnhild og Truls Thorenfeldt.

kommuner hvor kap. II i lov av 7. juli 1967 nr. 13 om husleieregulering gjelder.

Adgangen for kommunene til å vedta et utbedringsprogram for en eller flere eiendommer i tettbygde strøk ble gitt ved endringen av byfornyelsesloven som ble vedtatt på grunnlag av boligmeldingen. Denne muligheten representerte en vesentlig forenkling i den prosedyre som er nødvendig for å få i gang planmessig byfornyelse.

Dersom en bolig omfattes av et kommunalt utbedringsprogram, er det ingen begrensninger i adgangen til å søke lån. Lån kan gis til eier av småhus og til eier av flerfamiliehus forutsatt at boligen benyttes som helårsbolig og utbedringsarbeidene tilfredsstillende kravene i utbedringsprogrammene.

Kap. II i husleiereguleringsloven som omhandler den strengeste form for husleieregulering, gjelder i ti av landets kommuner, nemlig Oslo, Bærum, Drammen, Porsgrunn, Skien, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø.

Med utleieboliger menes i utgangspunktet boliger som eies av andre enn de som bor i boligene, uansett om de eies av private eller kommune, eventuelt fylkeskommune. I tillegg kommer boliger som tidligere har vært utleieboliger, men som har gått over til borettslagsboliger uavhengig av når denne overgang har skjedd.

Tidligere utleiebolig som etter 4. mai 1976 har gått over til annen eierform, betraktes også som utleiebolig i lånesammenheng.

Hva kan det gis lån til?

Boforholdsundersøkelser viser at boligmassen i de største byene gjennomgående er eldre enn i landet for øvrig. Andelen småleiligheter, dvs. leiligheter på ett rom og kjøkken og to rom og kjøkken, er også større i byene enn ellers i landet. Karakteristisk for den eldre bebyggelse, spesielt blokkbebyggelse i sentrale bystrøk, er også den dårlige sanitærstandard. Boligene har sjelden bad, og wc befinner seg

som oftest i trappeoppgang hvis det overhodet er innlagt.

De tiltak som således er mest påkrevet, er å få bedret sanitærstandard ved å legge bad og wc inne i leilighetene. Sammenslåing av småleilighetene til mer hensiktsmessige to-roms boliger for enslige har også vært ansett som en viktig side ved byfornyelsen. Her støter man imidlertid på problemet med å skaffe erstatningsboliger for de husstander som må flytte på grunn av sammenslåingen. Og dette synes å bli en konflikt som i mange tilfelle vil representere en betydelig hindring i arbeidet med å få eliminert det store antall småleiligheter.

Andre aktuelle tiltak i arbeidet med å fornye den eldre boligmasse er forbedring av isolasjon, utskifting av vinduer, forsterking av elektrisk anlegg, istandsetting av kjøkken, brannisolering etc.


Prinsipielt må målet for utbedringstiltakene være at den eldre boligmasse skal bringes nærmest mulig opp til den standard som det i

dag stilles krav om for at en bolig skal kunne karakteriseres som fullverdig. I mange tilfelle vil det imidlertid være teknisk umulig – eller forbundet med urimelig høye kostnader – å oppfylle de krav som bygningsloven og bygningsforskriftene stiller, gjennom utbedring. Det har vist seg nødvendig med hyppige dispensasjoner fra disse bestemmelser. Husbanken har akseptert nødvendigheten av og behovet for slike dispensasjoner.

Banken har også funnet det riktig å godta at utbedringen av en bolig skjer etappevis. At det ved finansiering av en slik etappevis utbedring ikke har vært stilt garantier for fullføring av utbedringen, er en svakhet som banken vil søke å rette på slik at det prinsipielle mål for utbedringen – å bringe den gamle boligmasse opp til en tilfredsstillende standard – kan nås.

Etter hvert som Husbanken har fått større erfaring i finansiering av utbedringsprosjekter i byfornyelses-sammenheng, har banken for øvrig kommet til at det må legges betydelig vekt på at ikke bare selve boligene opprustes til en forsvarlig standard, men at også de umiddelbare omgivelser gjennomgår en planmessig opprustning. Det synes klart at det hjelper lite for miljøet bare å forbedre boligene dersom omgivelsene ikke undergis en tilsvarende opprustning. I praksis betyr dette at Husbanken spesielt i de sentrale byområder med konsentrert blokkbebyggelse også krever framlagt planer for hvordan utearealene – i første rekke gårdsrommene – er tenkt nyttet. Men da det også er viktig at den enkelte gårdsplass ikke umuliggjør, men tvertimot kan tilpasses en helhetsplan for kvartalet for øvrig, kreves det ofte framlagt planer for disponering av utearealene i kvartalssammenheng.

Å få utarbeidet slike planer – og enda mer å sikre gjennomføringen av disse – er i høy grad avhengig av kommunal medvirkning og til dels også kommunale pålegg. At opp-



Eit godt resultat krev dugande handverkarar.

rustningen av utearealer ofte blir hengende etter i byfornyelsen, skyldes at kommunene mangler planleggingskapasitet og virkemidler for gjennomføring av planer og pålegg. Prinsipielt er Husbankens oppfatning at utbedring av boligene og opprustning av tilhørende utearealer burde skje samtidig. Også her har banken måttet gå på akkord med det prinsipielle mål ved å godta at opparbeidingen av utearealene skytes ut i fremtiden.

Hva koster byfornyelsen?

Ved valg av byfornyelsesform, dvs. hvorvidt byfornyelsen bør foregå ved riving og nybygging eller ved utbedring av eksisterende bebyggelse, er det flere forhold som tillegges vekt. Stikkordsmessig kan nevnes bygningenes kvaliteter, reguleringsmessige forhold, sosiale og miljømessige og fremfor alt økonomiske forhold.

Unntatt i områder av spesiell antikvarisk verdi synes de kostnadsmessige konsekvenser av de forskjellige alternativer å være det avgjørende kriterium ved valg av byfornyelsesform.

På bakgrunn av den erfaring Husbanken hittil har høstet, synes utbedring av boliger i byfornyelses-sammenheng vesentlig dyrere enn den utbedringen Husbanken finan-

sierer utenom byene og tettstedene. Dette synes særlig å skyldes tre forhold, nemlig:

- a) Boligstandarden er lavere i sentrale byområder enn i landet for øvrig.
- b) Vedlikeholdet har vært gjennomgående dårligere for denne boligmassen. En stor del av boligmassen i byfornyelsesområdene har vært utleieboliger. Beboernes interesser for vedlikehold og forbedring har derfor vært varierende, og eiernes interesser og muligheter for skikkelig vedlikehold har vært begrenset på grunn av de begrensede muligheter for å få dekket kostnadene på grunn av husleiereguleringsloven.
- c) Utbedringsprosjektene er mer omfattende i byfornyelses-sammenheng. Dette skyldes til dels et oppdemmet behov for utbedring, og til dels at partiell utbedring i mange tilfelle er en mindre hensiktsmessig metode i byfornyelsen enn for boligmassen i landet for øvrig. Dette har igjen sammenheng med at mulighetene for egen innsats er mindre.

Kostnadstallene for boliger i et fornyelseskvartal i Oslo hvor de fleste bygninger har fått lånetilsagn fra Husbanken, viser utbedringskostnader pr. leilighet som varierer fra ca. kr 100.000 til ca. kr 150.000 med gjennomsnittskostnad pr. leilighet på kr 125.000. Gjennomsnittlig leilighetsstørrelse etter utbedring er på 62m² leieareal, for øvrig en økning på ca. 20m² pr. bolig. Dvs. utbedringskostnadene ligger i gjennomsnitt for kvartalet på ca. kr 2.000 pr. m² leieareal.

Som tidligere nevnt kan utbedringslån til byfornyelse gis både til private gårdeiere og til borettslag. For beboerne i borettslag må husleiene som følge av utbedringene økes for å dekke renter og avdrag på de lån som må tas opp i forbindelse med utbedringen. Husleiene etter utbedring i utleieboliger



Utbedringa kan vere ei påkjenning mens ho går føre seg.

fastsettes av husleienemndene. Husleienemndene følger det prinsipp at det skal gis økning i husleiene tilstrekkelig til å dekke renter og avdrag på husbanklånet, økte avgifter samt en viss forrentning av egenkapitalen.

Med de kostnadstall som er referert ovenfor, vil dette i praksis bety en husleieøkning på

ca. kr 600 pr. måned for en vanlig tre-roms leilighet.

I forhold til alternativet å rive eksisterende bebyggelse synes utbedring for mange på tross av de betydelige husleieøkningene å representere et gunstig alternativ.

Dette viser noen tall fra et annet byfornyelsesområde i Oslo hvor fornyelsen skjer dels ved nybygging

og dels ved utbedring av eksisterende bebyggelse. Både utbedringen og nybyggingen er finansiert gjennom Husbanken. Det skal opprettes borettslag både i kvartalet hvor fornyelsen skjer ved utbedring, og i kvartalet hvor fornyelsen skjer ved nybygging.

Basert på innhentede tilbud fordeler innskudd og husleie seg slik for de utbedrede boligene:

Som man ser ligger innskuddet (egenkapitalen) for en utbedret leilighet betydelig under innskuddet for en ny leilighet av tilsvarende størrelse i området. Det skyldes ikke bare at utbedringskostnadene ligger vesentlig under nybyggingskostnadene, men også at utbedringslånene dekker en større del av kostnadene enn nybyggingslånene.

Husleiene blir vesentlig lavere i en utbedret leilighet på tross av at avdragstiden for et utbedringslån er betydelig kortere enn for et nybyggingslån.

Nå må det sies at de nye leiligheter nok har en høyere innredningsstandard og for øvrig noe bedre kvalitet enn de utbedrede leiligheter.

Antall leil.	Størrelse	Innskudd kroner	Husleie pr. mnd. kroner
3	1 rom + kj. 36 - 44m ²	20 000 - 22 000	390 - 460
5	2 rom + kj. 43 - 58m ²	22 000 - 26 000	450 - 580
29	3 rom + kj. 55 - 92m ²	25 000 - 36 000	560 - 880
6	4 rom + kj. 70 - 100m ²	30 000 - 38 000	680 - 950

Tilsvarende tall for de nye boligene er:

Antall leil.	Størrelse	Innskudd kroner	Husleie pr. mnd. kroner
25	2 rom + kj. 58 - 72m ²	60 000 - 74 000	800 - 1.000
21	3 rom + kj. 64 - 84m ²	67 000 - 87 000	900 - 1.300
5	4 rom + kj. 95 - 101m ²	99 000 - 134 000	1.300 - 1.400
5	5 rom + kj. 112m ²	132 000	1.400

Omfang

De nye utbedringslånordninger ble som nevnt opprettet i 1976.

Interessen i kommunene for låneordningene synes på grunnlag av de henvendelser Husbanken har mottatt, å være stor. Men ambisjonene i kommunene når det gjelder utbedringsaktiviteten, har nok vært større mange steder enn hva kommunal planleggingskapasitet har muliggjort. Hittil synes det ikke å være Husbankens begrensede lånemidler som har vært bremseklossen i det planmessige byfornyelsesarbeid, men kommunenes muligheter for å legge forholdene til rette. Derimot har nok Husbankens begrensede kvoter ført til at vanlig utbedring av småhus har fått mindre omfang enn det har vært muligheter for.

Husbanken har mottatt melding om en del kommuner som har vedtatt kommunale utbedringsprogrammer, og i 1978 ble det gitt lån i 11 saker for i alt 2,6 mill. kroner til dette formål. I 1979 ble det gitt lån i 28 saker for i alt 12,5 mill. kroner.

Når det gjelder utbedringslån til utleieboliger, har aktiviteten vært større. I 1978 ga Husbanken lån i 84



Ei utbetring kan gje eit godt miljø i vid meining.

saker for i alt 43,2 mill. kroner på dette grunnlag, mens det i 1979 ble gitt lån i 130 saker for i alt 58 mill. kroner.

